



Fin utsikt ventar dei som byggjer her.

Den gode byggjeaktiviteten held fram i Uskedalen som planlagt. I dag kan vi sei at det er oppstart på neste byggsteg i Ospelunden då reisverket til veggene til ein ny tomanns-bustad er kome opp. Det er det første bygget i rekkja ovanfor bustadene som vart innflytta i sommar.

På siste møtet i Uskedal Utvikling opplyste Oddbjørn Kroka at begge desse bustadene var selde og planen var at dei skulle vera innflyttingsklare allereie til jul. Han fortalde og at inst i denne rekkja er det selt ei tomt og der vert det oppstart på ein einebustad med det første. Mellom desse kjem det tomannsbustad.

Det er snikkarar frå Estland som er i arbeid på den nye tomannsbustaden. Dei arbeider for Kvinnherad Bygg.

I tillegg til dei åtte bueiningane som no er innflytta i Ospelunden, er også Geir Inge Koløy godt i gang med sin einebustad. Der er det no tett hus.

Dessutan er det god framdrift i fleire av dei andre byggjefelta i bygda.



[Lange arbeidsdagar sikrar god framdrift.](#)

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland